

Hovudtema i Matteus-evangeliet

Situasjonen for Matteus sine lesarar

Matteus-evangeliet er skriva nokre tiår etter Jesus, for eit jødisk-prega kristent fellesskap som forfattaren sjølv var ein del av. Dette medfører at når vi skal tolke det, treng vi ikkje berre å sjå på vår eiga tid og Jesu tid, men også på forholda som dette kristne fellesskapet sto i. Case-Winters meiner det var prega av desse tinga:

- (1) **Konflikt og splittelse blant truande.** Dei kristne såg seg sjølve som ein del av jødedommen. Men innanfor jødedommen sto dei for heilt andre ting enn andre truande, spesielt var dei i konflikt med farisearane og dei skriftlærde.
- (2) **Nokre er «innanfor» og nokre er «utanfor».** Dei kristne opplevde seg som «utanfor» både i forhold til jødedommen elles og i forhold til det romerske imperiet. Dei hadde også i stor grad si teneste blant dei som vart rekna som «utanfor».
- (3) **Både politiske og religiøse leiarar var påtvungne, mistrudde og mangla integritet.** Politikk og religion var tett samanvevd, og lokale leiarar var i stor grad lakeiar for romarane.
- (4) **Dei aller fleste alminnelege menneske var avmechtige.** Dette var naturlegvis veldig mykje slik i ei tid utan demokrati.
- (5) **Forskjellige kulturar kolliderte.** Jødane var omgjevne av fleire andre kulturar. Og eit særleg sentralt spørsmål for dei kristne var spørsmålet om inkludering av ikkje-jødar.

Kan vi kjenne oss igjen i noko av dette i vår eiga tid?

Himmelriket

Matteus framstiller ein Jesus som snakkar om «himmelriket». Matteus seier som oftast «himmelriket», medan Markus og Lukas seier «Guds rike». Jesus er den rette kongen i dette riket. Knuts merknad: Himmelriket er eit rike *frå* himmelen, ikkje eit rike *i* himmelen.

5 hovudtema

Case-Winters ser 5 hovudtema som går igjen, og som svarar til dei 5 problema nemnde over. Dei er:

- (1) Avvisning av farisearane og dei skriftlærde, og framheving av Jesus som den som oppfyller Messias-profetiane i Det gamle testamentet. Matteus vert sagt å vere det mest jødiske av evangelia, og snakkar fleire gongar om korleis Jesus oppfyller spesifikke profetiar, særleg frå jesaja og Jeremia.
- (2) Snu opp-ned på kven som er «innanfor» og «utanfor». Dei underpriviligerte vert framheva: dei sjuke og dei «syndige» (som tildels går over i kvarandre), heidningar (ikkje-jødar), kvinner, born. Den som vil vere «stor» skal tene andre (20,26; 23,11).
- (3) Jesus vert framheva som den som utøver eit etisk leiarskap, i kontrast til f.eks. Herodes og Pilatus. Han identifiserer seg med dei vanlege menneska, mengda, som vert framstilt på ein sympatisk måte. Jesus har medynk med dei, fordi dei er «forkomne og hjelpelause, som sauer utan gjetar» (9,36).
- (4) Godt nytt for fattige. Gud er på dei avmektige si side. Roma si makt kan synest overveldande, men det er berre tilsynelatande. Gud er sterkare når det kjem til stykket. Verda tilhøyrer Gud, ikkje Roma. Det nye fellesskapet og det livet dei praktiserer, utgjer ein alternativ visjon og ein annan levemåte som utfordrar imperiet.
- (5) Også heidningane (ikkje-jødar) er inkluderte i himmelriket. Dette var Guds plan frå byrjinga av. Israel var utvalde til å vere eit lys for folkeslaga, men det var aldri meininga at dei skulle behalde Gud for seg sjølve. Tekstar frå Det gamle testamentet fortel om korleis alle folkeslaga var tenkt inkluderte. Israel var velsigna for å verte til velsigning. Guds armar femner til slutt om heile verda. Guds omfamning nådde vidare enn kanskje nokon hadde forstede.

Desse temaa kan utfordre oss også i dag. Er vår eiga forkynning i samsvar med desse punkta?